




**Kompetent,
open og modig**



Sotra vgs.
Vestland fylkeskommune





Velkommen til Sotra vidergående skule

Sotra vidaregåande skule har om lag 800 elevar og 150 tilsette. Skulen har eit breitt tilbod innanfor både studiespesialiserande og yrkesfagleg utdanning, fordelt på dei to skulestadane Sund og Bildøy. I tillegg er vi vaksenopplæringscenter for Askøy og Øygarden, med elevar på ulike program. Sotra vidaregåande skule skal i framtida lokaliserast i nytt bygg på Straume.

Vi har eit godt samarbeid med lokalt næringsliv, slik at elevane på yrkesfag får god og relevant praksis. Vi har dyktige lærarar som har tett kontakt med elevane frå første skuledag. Elevmiljøet er godt, med stort fokus på samhald og fellesskap.

Hjå oss står du som elev i fokus!

Studietilbod:

- Bygg- og anleggsgfag
- Elektro og datateknologi
- Teknologi- og industrifag (TIF)
- Restaurant- og matfag
- Sal, service og reiseliv
- Helse og oppvekstfag
- Idrettsfag
- Studiespesialisering
- Studiespesialisering med teknologifag
- Påbygging til generell studiekompetanse
- Tilrettelagt opplæring
- Vaksenopplæringa



3



SEKKINGSTAD BIL

Ditt bilverksted på Sotra

Tlf. 98 69 44 77 • Skogedalsveien 1, 5350 Brattholmen
post@sekingstadbilteknikk.no



Vi er forhandler av VOGÉ

Råtøffe, meget godt utstyrte og
ekstremt prisgunstige motorsykler.
Her får du mye for pengene!

På jakt etter ny tilhenger?
Hør med oss!

Sjekk  Punkt
- Ditt lokale bilverksted



Bygg- og anleggsteknikk

Har du pågangsmot, godt humør, er kreativ, har arbeidslyst og kunne tenkje deg ei utdanning med både teori og praktisk arbeid? Då er bygg- og anleggsteknikk faget for deg.

Her lærer du å byggje og vedlikehalde bygningar og anlegg, og du får ein lærerik kvardag med varierende arbeidsoppgåver i ulike miljø.

Vg1 Bygg- og anleggsteknikk

I løpet av det første skuleåret vil du lære om produksjon, oppføring, ombygging og vedlikehald av bygningar og anlegg. Opplæringa i felles programfag i byggtেকnikk legg vekt på utforming, produksjon og vedlikehald av konstruksjonar.

Yrker som bygger på bygg- og anleggsteknikk vg1 er svært mange. Du vil etter endt opplæring i skule eller bedrift kunne bli t.d.:

- ▶ Betongfagarbeidar, murar, tømrrar, malar
- ▶ Rørleggar, blikkenslager, anleggsmaskinfører
- ▶ Industrimalar, feiar, anleggsgartnar

(Sjå oversikt over alle yrker og kompetansar på vilbli.no)



Vg2 Tømrrar

På vg2 tømrrar tek du steget vidare i den retninga du ønskjer. Etter vg2 tømrrar kan du gå i lære i to år og ta sveinebrev i tømrrarfaget.

Opplæringa i felles programfag på vg2 tømrrar, legg vekt på å byggja og halda ved like konstruksjonar. Det blir lagde vekt på praktisk arbeid og tverrfaglege arbeidsoppgåver både på skulen og i bedrifter i nærmiljøet. På Vg2 har du fellesfaga norsk, samfunnsfag og kroppsøving.

Vg2 Betong og mur


På vg2 Betong og mur går du mot eitt av faga Betongfaget eller Murer- og flisleggjarfaget. Du kan gå i lære i to år og anten ta fagbrev i Betongfaget eller sveinebrev i Murer- og flisleggjarfaget.

Opplæringa i felles programfag på vg2 Betong og mur, legg vekt på å byggja konstruksjonar i betong og mur. I tillegg lærer du å leggja fliser på golv og vegger.

På vg2 har du fellesfaga norsk, samfunnsfag og kroppsøving.

Utteksling

På våren vil alle elevar på vg2 få tilbod om ei studiereise til Danmark og ein kan søkje om utteksling med vår samarbeidspartner Tech College i Aalborg.



**VELKOMMEN TIL MAN**

www.man.eu/no



Elektro og datateknologi

Dersom du er interessert i ny teknologi og vil lære å installere og vedlikehalde elektriske og elektroniske system er dette faget for deg.

Faget krev logisk tenking og kreativitet, da du både skal løyse konkrete oppgaver og utvikle nye produkt. Du vil etter fullført utdanning kunne jobbe som til dømes:

- Elektrikar, flymekanikar
 - Data- eller produksjonselektronikar
 - Heismontør eller romteknolog
- (Sjå oversikt over alle yrker og kompetansar på vilbli.no)

Etter to eller tre år på skule kan du begynne som lærling i bedrift, eller ta påbygging til generell studiekompetanse før eller etter læretida. Du får då studiekompetanse og kan gå vidare på høgskule/universitet.

Vg1 Elektro og datateknologi

Det første året arbeider du med alle typar el-installasjonar. Du kan mellom anna lære å programmere mikrokontrollarar, montere lys og varme, antenneanlegg, porttelefonar, brannalarmanlegg og ringeanlegg. Du lærer å kople automatiserte motoranlegg og bruke simuleringsprogram på data. Du får praksis i bedrift i løpet av året.

Vg2 Elenergi

Her lærer du å arbeide med elektriske lågspenningsanlegg, elektrisk utstyr og elektriske installasjonar. Du lærer korleis ein produserer elektrisk energi i ein kraftstasjon, og korleis ein fører straum fram til brukaren.

Vg2 Automasjon

Vg2 automatisering handler om å utvikle kompetanse i energi-, styre- og reguleringsystemer. Faget forbereder elevene på arbeid innenfor automatiserte anlegg og installasjoner i landbasert og maritim industri, bygg, verdiskring, maskinbygging og tavleproduksjon.

Vg3 Automasjon

Vg3 automatiseringsfaget handler om å arbeide med robot-, styre- og reguleringsystemer i industrielle og automatiserte anlegg. Faget handler også om mekatronikk, instrumentering, prosess og elenergi med tilhørende mekanisk arbeid.



PROMAS AS

Tlf. 56 31 56 80
ordre@promas.no
Bleivassveien 75, 5347 Ågotnes
www.promas.no

Vi er stolte av å være
godkjent **lærebedrift!**



 SandeGruppen

sandegruppen.no



Teknologi- og industrifag (TIF)

Likar du maskiner og køyretøy, og drøyer om å arbeide med teknikk og mekanikk? Då kan industri og teknologifag (TIF) vere noko for deg.

Du må ha eit godt handlag, vere sjølvstendig og nøyaktig. Som ferdig utdanna kan du få varierte jobbar innanfor teknologi. Du vil etter endt opplæring i skule eller bedrift kunne bli t.d.:

- Skipsindustri, mekanisk industri
- Sveisar, platearbeidar, motormann
- Industrimekanikar, brønnoperatør eller bilbransjen som bilmekanikar

(Sjå oversikt over alle yrker og kompetansar på vilbli.no)

Etter to år på skulen kan du begynne som lærling i bedrift. Du kan også ta påbygging til generell studiekompetanse før eller etter læretida. TIF er eit godt utgangspunkt for høgare teknisk utdanning.

Vg1 Teknikk og industriell produksjon

Første året får du ein introduksjon til dei viktigaste arbeidsmetodane innan fagområdet. Du lærer å teikne, sveise og du får opplæring i maskiner som fres, dreiebenk og CNC-maskin.

Vg2 Industriteknologi

Her lærer du å til dømes å skjere, kutte, sage, sveise og frese etter arbeidsteikningar. Du vil få mykje opplæring i verkstaden som førebuing til læretida, og du vil også ha fleire praksisveker ute i bedrift.

Vg2 Køyretøy

Her vil du få opplæring i motor, mekanikk og elektronikk og jobbe med oppdatert utstyr og dei nyaste modellane på marknaden. Du vil få mykje opplæring i verkstaden som førebuing til læretida, og du vil også ha fleire praksisveker ute i bedrift. Her vil du kunne få innføring i faga som mekanikar i for eksempel lette og tunge køyretøy og motorsykkelfaget.

rotork®

Keeping the World Flowing
for Future Generations

Rotork er et ledende selskap innen
intelligent strømningskontroll.

Kvaliteten på våre produkter og
tjenester hjelper våre kunder
over hele verden med å forbedre
effektiviteten, ivareta sikkerheten
og redusere miljøpåvirkningen,
samtidig som vi leverer viktige
ressurser til dem som trenger det.

Vi ser etter lærlinger nå!
Er du interessert i å bli
en del av Rotork laget?
Kontakt oss på
sales.norway@rotork.com



www.rotork.com



Sal, service og reiseliv

Ynskjer du deg ei karriere innan norsk næringsliv eller reiseliv?

Hjå oss får du grundig opplæring innan fagområda marknadsføring, sal, sikkerheit, økonomi, reiseliv, hotell og resepsjon. Dette er fagområder som det er stor etterspurnad etter i norsk næringsliv. Gjennom to års skolegang lærer du sal-, service- og reiselivsbransjen godt å kjenne, og du vil være godt rusta til å gå ut i lære.

Kandidatar med fagbrev i sal- eller reiselivsfaget er attraktive for næringslivet, og sjansen for å få jobb etter endt utdanning er stor. Dersom ein ynskjer vidare karriere innan eige fagfelt fins det mange moglegheiter for å klatre i gradene ute i bedriftene. Om du ynskjer å ta studier ved universitet eller høgskole kan du ta påbygging til generell studiekompetanse.

Drøymar du om å starte og drive di eiga bedrift?

Som elev ved Sal, service og reiseliv både startar og driv du eiga bedrift i løpet av skuletida hjå oss. Vi samarbeider med Ungt Entreprenørskap som er en ideell organisasjon som jobbar for å utvikle unge sin kreativitet, skaparglede og tru på seg sjølv.

Programma vert gjennomført i nært samarbeid med lokalt arbeids- og næringsliv. Her byggjer vi bru mellom teori og praksis, noko som bidreg til auka kreativitet og relevans i læreprosessane. Har man hatt ungdomsbedrift på vidaregåande vert ein betre rusta om ein i framtida ynskjer å starte eiga bedrift.

Vg1 Sal, service og reiseliv

Første året får du opplæring i drift og oppfølging, planlegging, kommunikasjon og service. Du lærer om administrative oppgaver, marknadsføring, økonomi og IKT. Elevene har praksis i bedrift. Du vil delta på ekskursjonar og bedriftsbesøk.

Vg2 Sal og reiseliv

Det andre året får du opplæring i marknadsføring og sal, samt økonomi og administrasjon. Du får fleire veker i arbeidspraksis og det er mogleg med praksis i utlandet i YFF (yrkesfagleg fordjupning).

Mulighet for utenlandsopphold hos samarbeidspartnere på Malta.

Helse- og oppvekstfag

Dersom du er omsorgsfull, likar å hjelpe mennesker og vil ha utfordringar og ansvar; kan dette vere faget for deg.

Her lærer du å jobbe med menneske i ulike aldrar og livssituasjonar, enten det er eldre på sjukeheim, barn og unge eller menneske med funksjonshemmingar. Du kan jobbe i til dømes heimebaserte tenester, på sjukehus eller i bufellesskap, barnehage og skulefritidsordning

Utdanninga kan føre fram til fagbrev eller yrkeskompetanse, avhengig av kva fag du vel. Det er òg mogleg å ta påbygg til generell studiekompetanse før eller etter læretida.

Vg1 Helse- og oppvekstfag

Første året får du kunnskap om helsefremjande arbeid, livsstilssjukdommar og arbeidsmiljø. Du lærer mykje om kulturforskjellar og kommunikasjon, og du lærer å være ein god yrkesutøvar. Du har praksis både haust og vår.

Vg2 Helsearbeiderfag

Her lærer du om arbeid med fysisk og psykisk helse, oppbygginga av menneskekroppen og kroppens funksjonar, hygiene, kosthaldslære, førebyggjande helsearbeid, sjukdomslære og korleis ein kan førebyggje isolasjon og legge til rette for eit aktivt liv. Du lærer å samarbeid med andre yrkesgrupper for å fremje fysisk og psykisk helse og ivareta brukarmedverknad og pasientrettar.

Vg2 Barne- og ungdomsarbeidar

Her får du kunnskap om korleis barn og unge lærer. Du vil lære å kommunisere i møte med barn, unge og foreldre, tilpassa kulturell bakgrunn, funksjonsnivå og livssituasjon. Vidare vil du lære om pedagogiske metodar for arbeid med barn og unge i alderen 0-18 år. I tillegg vil du bli rettleia i etiske utfordringar. Du har praksis haust og vår.



ARBEIDSGLEDE ER LIVSGLEDE

Er DU den neste lærlingen vår?
Fag: Platearbeider /Sveiser

www.sotracontracting.no





Restaurant- og matfag

Er du kreativ, serviceinnstilt, trivst med høgt tempo og likar å lage mat kan dette vere linja for deg.

Du lærer om matlaging, kosthald og ernæring innanfor både nasjonal og internasjonal matkultur. Du lærer også om servering av mat og korleis du skal behandle råvarer. Etter to år på skulen kan du begynne som lærling i bedrift. Du kan også ta påbygging til generell studiekompetanse før eller etter læretida.

Vg1 Restaurant- og matfag

Det første året lærer du grunnleggjande om kutting, koking, baking, og enkle matrettar. Du arbeider med fleire prosjekt både på og utanfor skulen, til dømes med å arrangere julebord på skulen. Du vil vere mykje ute i praksis i bedrift.

Vg2 Kokk og servitør

Det andre året vil du også ha mykje praksis. Du vil starte opp og drive di eiga ungdomsbedrift. Du lærer om kosthald, ernæring og helse, råvarer og produksjon, servering, bransje og miljø. Du vil bli førebudd på læretid i bedrift, og kan velje om du vil arbeide som kokkernæringskokk, ferskvarehandlar eller servitør.

Studenter ved Resturant og matfag får også tilbud om å søke på utenlands opphold!





Idrettsfag

Idrettsfag tilbyr idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet på alle nivå.

Du får ei allsidig opplæring i ulike idrettar og kan fordjupe deg i din spesialidrett. Vi tilbyr topp- og breiddeidrett alle tre åra. Du får gøye og varierte skuledagar og i løpet av dei tre skuleåra vil du delta på korte og lengre friluftslivturar. I faget aktivitetslære som du har alle tre åra, er vi innom ulike idrettar, basistrening og friluftsliv. Du får også studie-spesialiserende kompetanse ved å studere idrett!

Vg1 Idrettsfag

Du vil det første året få innføring i ulike idrettar, aktiviteter, basistrening og treningsplanlegging i teori og praksis. Det er også mogleg å fordjupe seg i sin spesialidrett eller velje breiddeidrett.

Vg2 Idrettsfag

Her kjem fleire idrettsfag inn som treningsleiing og idrett og samfunn. I desse faga øver du deg på å instruere andre og forstå korleis idretten er ein viktig del av samfunnet. Du held fram med topp- og breiddeidrett også på vg2.

Vg3 Idrettsfag

Her vidarefører du faga frå vg2 og du fordjupar deg enda meir i dei ulike idrettsfaga. Studietilbodet er delt mellom Sotra Arena og Bildøy. Dette gjer oss gode treningsmoglegheiter i mange ulike idrettar.





VARAS 
redder gulv

  
Miljøfyrtårn® REGISTRERT

 post@varas.no
 www.varas.no



- Versksted vask
- Polishbehandling
- Sliping av tregulv og etterbehandling
- Tepperens og møbelrens





Studiespesialiserande

Dette er linja for deg som likar teoretiske fag og ønskjer å studere på høgskule eller universitet.

Utdanninga er treårig og fører fram til generell eller spesiell studiekompetanse, avhengig av kva retning du vel. Du kan velje mellom tre fordjupingar:

- Realfag
- Språk, samfunnsfag og økonomi
- Teknologi

Vg1 Studiespesialisering

Det første året får du ei innføring i norsk, samfunnsfag, geografi, praktisk eller teoretisk matte, naturfag, engelsk, kroppsøving og enten tysk, spansk eller fransk.

Vg2 Studiespesialisering

Det andre året har du fellesfaga norsk, historie og kroppsøving, samt framandspråket du starta på i vg1. I tillegg skal du velje programfag innanfor enten språk, samfunnsfag og økonomiske fag eller realfag. Vi tilbyr også vg2 studiespesialisering med teknologifag.

Vg3 Studiespesialisering

Det tredje året har du fellesfaga norsk, historie, religion og kroppsøving. I tillegg skal du fordjupe deg i minst to av programfaga du hadde på vg2, og eit tredje programfag som kan vere frå eit anna programområde. Vi tilbyr også vg3 studiespesialisering med teknologifag.

Programfag på vg2 og vg3

På vg2 og vg3 tilbyr vi vanlegvis desse programfaga: Matematikk R1, R2, S1 og S, kjemi, fysikk, biologi, informasjonsteknologi, teknologi og forskingslære, rettslære, psykologi, sosiologi og sosialantropologi, sosialkunnskap, entreprenørskap og bedriftsutvikling, marknadsføring og leiing og engelsk.


Studiespesialisering med toppidrett og breiddeidrett

Som ein av få skular kan vi på vg1, vg2 og vg3 tilby elever på studiespesialiserande å ta toppidrett eller breiddeidrett saman med elevane på idrettsfag. Denne varianten vil betyr fleire timar totalt sett på vg1 enn for vanleg studiespesialiserande. Med dersom du ikkje vel den enklaste matematikken (2P) på vg2, så vil du kunne ha tilsvarande færre timar på vg2 eller vg3.

Studiespesialisering med teknologifag

For deg som er interessert i innovasjon, entreprenørskap, ingeniørfag, medisin, forskning og teknologi og vil studere vidare til ingeniør, sivilingeniør eller andre tekniske og naturvitenskaplege jobbar.

Du får mellom anna jobbe med 3D-printarar og robotteknologi. Vi er ein av to skular i landet som tilbyr dette studieprogrammet.



15

Straume MesterBygg AS

Som godkjent lærebedrift
har vi til enhver tid lærlinger med på laget vårt.

Har **du** bestemt deg for å bli tømrer?
Da kan du gjerne søke lære plass hos oss.



Systemhus

Smålonane 24, 5353 Straume
Tlf. 56 31 40 40 | www.straume-mb.no  



Toyota Sotra AS
sotra.toyota.no

Ågotnes
Bleivassvegen 1
Tlf: 56 31 33 80



Påbygg til generell studiekompetanse

Dersom du har fullført vg2 yrkesfag og ønsker å studere på høgskule eller universitet, kan du ta eitt år med påbygging til generell studiekompetanse.

Du kan òg ta påbygging til generell studiekompetanse etter at du har tatt fag- eller svennebrev.



Careers

Aker Solutions strives to be the best. We attract the best employees and help them learn, grow and realize their dreams through mentoring and other career development assistance.

As part of our team we will help you achieve your greatest potential. We will find the perfect place for your skills and interest in our organization and the world.





Vaksenopplæring

Om du ikkje har fullført vidaregåande utdanning, har du rett til gratis opplæring frå det året du fyller 25 år. Vi tilbyr vidaregåande utdanning, studierettleiing og vurdering av realkompetanse for vaksne.

Dersom du ynskjer generell studiekompetanse tilbyr vi dei seks faga du treng, over to år. Vi tilbyr også opplæring i yrkesfag der undervisninga er tilrettelagt for vaksne som ønskjer å kombinere jobb og utdanning.

Opplæringa gir deg det teoretiske grunnlaget du treng for å gå opp til fagprøven, men det er ein fordel om du i tillegg har praktisk erfaring i faget frå før.

Opplæringa er på deltid (2-3 dagar i uken), og både undervisning og læremiddel er gratis.

Fagtilbod:

Kurs vil bli opprettet av fylket etter behov

Bygg- og anleggsfag:


- ▶ Vg1 Bygg- og anleggsteknikk
- ▶ Vg2 Tømrar

Mekanikar lette og tunge køyretøy

- ▶ Vg1 Teknologi og industrifag
- ▶ Vg2 kjøretøy

Helse- og oppvekstfag:

- ▶ Vg1 helse og oppvekstfag
- ▶ Vg2 for helsefagarbeidarfaget
- ▶ Vg2 for barne- og ungdomsarbeidarfaget





**Søknadsfrist
1. februar**

Tilrettelagt opplæring

Vi tilbyr opplæring i tilrettelagte grupper for dei ungdomane som har behov for det.

Kvar elevgruppe blir knytt opp mot eit utdanningsprogram.

Eleven kan velje mellom:

- ▶ Helse og oppvekst
- ▶ Restaurant og matfag
- ▶ Bygg- og anleggsgfag

Målet er at kvar og ein skal oppleve meistring og aktiv deltaking i skulekvardagen og i samfunnet.

Skulen vektlegg å gje elevane eit likeverdig tilbod. Skulen ynskjer å møte elevane der dei er ved å legge til rette for at dei kan få utvikle sine evner, talent og interesser. Menneskeverd og likeverd er viktige verdiar. Elevane skal

oppleve tryggleik og trivsel, og sosial kompetanse vert vektlagt gjennom heile utdanningsforløpet.

Formålet er å gjere elevane kompetente til arbeidsliv og sjølvstende i eigen kvardag.

Elevane får individuell opplæringsplan (IOP) med utgangspunkt i egne føresetnader. Opplæringa går føre seg i små klasser, med lærar og miljøfagarbeidar. Skulen legg vekt på praktisk opplæring, kreativt arbeid og bruk av nærmiljøet til uteskule.

Elevane får eit kompetansebevis ved avslutta skuletid som syner kva mål i den individuelle opplæringsplanen som er nådd.

NB! Søknadsfrist for desse programområda er 1. februar.





Sotra vgs.
Vestland fylkeskommune



**Søknadsfrist
1. mars**

Kontakt

Skulestad Bildøy

Branndalsmyra 61
5353 Straume

Skulestad Sund

Finkelhølsvegen 10
5382 Skogsvåg

Telefon: 56 31 02 00

E-post: post.sov@vlfk.no

www.sotra.vgs.no